



Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Ørskog

Dato: 13.4.18

Tid: 8.30-13.00

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland	Skodje
Bjørn Skulstad	Ålesund
Kim A. Breivik	Sandøy
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog
Kjell Sindre Johansen	Haram

Saksliste:

Synfaring, statusrapportering, arbeid med utforming av kravspesifikasjon for konsulentbistand.

Referat og konklusjonar:

Møtet starta med synfaring på den nye driftsavdelinga for vaktmeisterane i nye Ørskog skule og teknisk sitt VA-lager i Iøa ved husmorskolen.

Vassforsyninga i Ørskog var drøfta, fordeling offentleg/privat og utfordringa med reservevassforsyning.

Status prosjektplan/mandat:

Ålesund kommune arbeider med ny hovudplan for vassforsyning, som skal vere ferdig i slutten av året. Det var drøfta om vi må ha ein ny felles VA-plan med oppstart i 2019. Det er ikkje del av vårt

mandat å utarbeide nye planer, men vi må bidra med innspel om behov for investeringane til arbeidet med budsjett og økonomiplan for nye Ålesund. Dette arbeidet tek til tidleg i 2019, og det er ikkje gjennomførleg å ha ein slik plan klar til den tid. Vi må difor ta utgangspunkt i gjeldande økonomi-/investeringsplanar i dei 5 kommunane fram til eit slikt plandokument er på plass.

Status for fond innafor sjølvkostområda var drøfta, og korleis ein skal leggje opp sjølvkostbudsjetteringa i dei 5 kommunane for 2019. Vår tilråding frå delprosjekt til prosjektleiar vil vere å arbeide ut frå at nye Ålesund har eit solidaritetsprinsipp på fordeling av investeringar i den nye kommunne og dermed eit felles gebyrområde for heile kommunen.

Vi må gje innspel til delprosjekt for økonomi når budsjettet for 2020 skal utarbeidast. Det naturlege utgangspunkt er ein hovedplan for vatn/avløp, som med kartlagt tilstand og kvalitet kan kome med tilrådingar om prioritering av investeringar.

Statusrapportering til 1.mai.

Gruppa gjennomførte ein gjennomgang av status i forhold til resultatmåla. Denne sendast ut til delprosjektdeltakarane for evt. supplering før den blir oversendt prosjektleiar.

Innleige av bistand til utarbeiding av forskrifter mv.

Det er avklart med kommunerevisjonen at dette kan dekkast innafor sjølvkostområdet, etter ein fordelingsnøkkel basert på antal abonnentar. Det er også presisert frå revisjonen at dette skal dokumenterast.

Delprosjektet treng avklaring om dei andre sjølvkostområda, feiing, regulering, byggesak og oppmåling skal omfattast av anskaffinga. Delprosjektleiar tek dette opp med dei andre delprosjekta/kommunane. Delprosjektleiar samanfattar innspela på kva vi skal anskaffe og legg opp til ein avklaringsrunne på epost.

Nye arbeidsgrupper

Forsystem kommunale gebyr må startast opp, då det er ulike system i bruk og truleg behov for anskaffing. Kvar kommune melder inn kven som kan delta i denne arbeidsgruppa.

Neste møte vert på skype. Agenda for møtet blir i hovedsak oppfølging av dei sakene som er i gong, samt arbeidet i dei nedsette arbeidsgruppene.

Harøy 19.4.18
Kim A. Breivik, ref.